



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

MØTEPROTOKOLL MASFJORDEN FELLESRÅD/SOKNERÅD.

TID: Onsdag 23.mars 2022 kl. 19:00-21:50

STAD: Solheim kyrkje.

Medlemmer: Rune Garmann
Rangvald Tangedal
Bente Kvamsdal Håvåg
Harald Mjanger
Maja Aven Dahle
Torbjørn Sæle Sokneprest

Vara: Jan Otto Daae
Ingfrid Olaus Hansen Sleire
Svein Birger Haugsdal
Annbjørg Ynnesdal

Andre: Eli Eidsnes Kyrkjeverja

Desse møtte ikkje: Atle Nordland
Dina Merete Kallestad Dyrhovden
Gunnar Andvik
Anne Marit Birkeland Fredriksen
Aril Andvik
Torill Torsvik Størkersen Kommunal representant

Sakliste:

Sak nr. F-2022/09	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Sak nr. F-2022/10	GODKJENNING AV MØTEREFERATET FRÅ 09.03.22
Sak nr. F-2022/11	FORLENGING AV PRESTE SAMARBEIDS AVTALEN TIL 31.12.26
Sak nr. F-2022/12	SØKNAD OM VELFERDSPERMISJON (20%)
Sak nr. F-2022/13	SØKNAD OM STUDIEPERMISJON (80%)
Sak nr. F-2022/14	VEDLIKEHALDSTATUS SOLHEIM KYRKJE
Sak nr. F-2022/15	FREDING AV GRAVER
Sak nr. F-2022/16	INFORMASJONSSAKER
Sak nr. S-2022/06	GUDSTENESTEPLAN 2.HALVÅR 2022
Sak nr. S-2022/07	PERSONAR TIL Å LAGE OFFERLISTE FORSLAG

Sak nr. S-2022/08	REPRESENTANTAR TIL RÅDSMØTE I FJON FJELLKYRKJE
Sak nr. S-2022/09	KONFIRMANTTIDSPUNKT I 2023
Sak nr. S-2022/10	SPØRSMÅL OM LAURDAGSKONFIRMASJON SOLHEIM 2023
Sak nr. S-2022/11	OPPRETTING AV DIAKONIUTVAL
Sak nr. S-2022/12	OPPRETTING AV KULTURUTVAL
Sak nr. S-2022/13	MANDAT FOR KULTURUTVALG
Sak nr. S-2022/14	INFORMASJONSSAKER

FELLESRÅDSSAKER

Sak nr. F-2022/09	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Konklusjon/vedtak	Godkjent

Sak nr. F-2022/10	GODKJENNING AV MØTEREFERATET FRÅ 09.03.22
Saksutgreiing	Referatet vart sendt ut på e-post 10/3-22. Ingen korrigeringar er mottatt. Framlegg til vedtak: Ein godkjenner møteprotokoll nr. 2 frå møte 09.03.22
Konklusjon/vedtak	Møteprotokoll nr. 2 frå møte 09.03.22 er godkjent.

Sak nr. F-2022/11	FORLENGING AV PRESTE SAMARBEIDS AVTALEN TIL 31.12.26
Saksutgreiing	Avtalen mellom DNK v/Bjørgvin bispedøme og fellesråda i Gulen, Masfjorden og Solund, som sikrar oss prest i full stilling, gjeld til 1.august 2023. Sjå vedlegg 2022-05 . Oppseiingsfrist er 12 md, og reforhandling må være gjort seinast innan 31.des 2022. I det årlege samarbeidsmøte 27.jan i år, var alle partar einige om at ein ynskjer at avtalen skal fortsetje, og vil jobba for å få den fornya til ut året 2026. Sjå referat frå møte i Vedlegg 2022-06 . Denne avtalen er viktig for oss i Masfjorden, og me treng difor å kome i dialog med kommunen innan budsjett arbeidet deira til sommaren. Utgifta er på 140.000 kroner i året, og i dag er det fordelt på 60.000 over fellesrådet sitt budsjett og 80.000 i presteilskot frå kommunen. Framlegg til vedtak: Masfjorden sokn ynskjer å forlenga preste samarbeidsavtalen til 31.12.2026. Og ber kyrkjeverja få avtale med kommunen om at dagens støtte fortset.
Konklusjon/vedtak	Vedtatt slik framlegget ligg.

Sak nr. F-2022/12	SØKNAD OM VELFERDSPERMISJON (20%)
Saksutgreiing	<p>Dagleg leiar i Masfjorden frivilligsentral, Helga Ekehaug, har søkt om velferdspermisjon frå stillinga si i tidsrommet 01.04-31.12.2022. Ho har 20% stilling som leiar i frivilligsentralen.</p> <p>Styret i frivilligsentralen og arbeidsutvalet går inn for å gje ho denne permisjonen. Det har ikkje vore drøfta i administrasjonsutvalet.</p> <p>Framlegg til vedtak: Helga Ekehaug får permisjon utan lønn i sin 20% stilling som leiar i Masfjorden frivilligsentral i perioden 01.04-31.12.2022</p>
Konklusjon/vedtak	Vedtatt slik framlegget ligg.

Sak nr. F-2022/13	SØKNAD OM STUDIEPERMISJON (80%)
Saksutgreiing	<p>Helga Ekehaug har søkt om studie permisjon i 3 år, frå sin 80% stilling som diakoni og undervisningsleiar / leiar trusopplæringa i perioden 15.08.2022-15.08.2025. Denne søknaden blir handsama i dette møte. Det er og søkt om eit økonomisk tilskot til studiane, men dette vil ikkje bli tatt stilling til før i siste møte før sommaren. Saka har ikkje vore oppe i administrasjonsutvalet. Arbeidsutvalet går inn for å innvilga søknade</p> <p>Framlegg til vedtak: Helga Ekehaug får studiepermisjon utan lønn i sin 80% stilling i perioden 15.08.22-15.08.25.</p>
Dette skjedde i møtet	<p>Informasjon om reglane for slike permisjonar vart gitt; Arbeidsmiljølova §12-11 og Hovudtariffavtalen KA § 14.3. Det vart kommentert at slike permisjonar er viktig for høve til å vidare/etterutdanna folk når dei har motivasjon til dette. Det vart og påpeikt at det er viktig å starte arbeidet med å finna løysingar i tida Helga får permisjon. Dette vil AU ta tak i snarast.</p>
Konklusjon/vedtak	Helga Ekehaug får studiepermisjon utan lønn i sin 80% stilling i perioden 15.08.22-15.08.25.

Sak nr. F-2022/14	VEDLIKEHALDSTATUS SOLHEIM KYRKJE
Saksutgreiing	<p>Kyrkjeverje vil gå gjennom kva som har vore gjort av vedlikehald i det siste, og kva ein har på lista over behov som må gjerast framover. Ein ber leiar i kyrkjeutvalet melde inn behov innan måndag 21.03, så dei kjem med på oversikta som blir lagt fram i møte.</p> <p>Forslag til vedtak: Fellesrådet tar informasjonen til orientering og støttar planane for arbeidet vidare.</p>
Dette skjedde i møtet	<p>Ved møtestart vart alle med på ein runde ute der kyrkjeverja viste både ting som var gjort, og behov for vedlikehald som vi har på lista. Vidare vart ting inne gått gjennom under handsaming av denne saka. Liste over vedlikehaldsstatus pr. i dag vart gått gjennom. Sjå vedlegg 2022-11.</p>
Konklusjon/vedtak	Fellesrådet tar informasjonen til orientering og støttar planane for arbeidet vidare.

Sak nr. F-2022/15	FREDING AV GRAVER
Saksutgreiing	<p>Det kjem av og til spørsmål og søknadar om freding av gamle graver. Det er difor eit behov for å ha retningslinjer for dette. Ein ynskjer å setje ned eit utval som kan sjå på slike retningslinjer. Rune har snakka med Alf Strand, som er rette mannen til å delta i eit slikt utval. Ein foreslår at utvalet kan bestå av styreformann, kyrkjevevja og Alf. Utvalet får i oppgåve å leggje fram, i første høvelege møte i haust, eit utkast til retningslinjer for freding av graver på gravplassane i Masfjorden.</p> <p>Forslag til vedtak: Fellesrådet ber styreleiar Rune Garmann, kyrkjevevja Eli Eidsnes, og Alf Strand om å delta i eit utval som har som mandat å setje opp eit forlag til retningslinjer for freding av gamle graver på gravplassane i Masfjorden.</p>
Konklusjon/vedtak	Vedtatt slik forslaget er lagt fram.

Sak nr. F-2022/16	INFORMASJONSSAKER
Saksutgreiing	<ul style="list-style-type: none"> a) Rapport frå branntilsynsrunde Solheim og Sandnes. b) Rekneskapen for 2021 er revisorgodkjent. Sjå revisjonsberetning i vedlegg 2022-07 og nummerert brev nr. 11 i vedlegg 2022-08. c) Status rekneskap. d) Status dør Sandnes kyrkje. e) Ny rutine ved attgraving av graver.
Dette skjedde i møtet	<ul style="list-style-type: none"> a) Me må få på plass brannvarslingssystem. Minimuma kravet er seriekopla brannvarslarar, med vedlikehalds plan. Galleriet blir berre godkjent for bruk av folk som kan klare å evakuere utan assistanse, og lovleg tal på folk på galleriet er utrekna frå 1 person pr. trappetrinn, pga evakueringsavgrensingar. Det må utarbeidast risikoanalysar (ROS). Me må få gjennomført brannøving/opplæring. Det må monterast fast stikkontakter framme i kyrkja for å unngå skøyteleidning. b) Klapping☺ c) Vi er innanfor budsjett med kostnader pr. mars. d) Presentasjonen som vart brukt i møte med bispekontoret/riksantikvaren vart vist. Me har fått godkjenning på å setje inn ny sidedør i Sandnes kyrkje. e) Ein vil frå no gå vekk frå løysinga med å skjære torva i ruter, og legge tilbake på grava etter gravlegging slik tradisjonen har vore i Masfjorden. Frå no vil ein legge på haug på nye graver slik dei gjer dei fleste plassar i dag, og så planere og så i grasfrø etter passende årstid. Dette vil gjere at ein får mindre problem med etterarbeidet når gravmassane synk, og ein får gjevne gravplass med tida.
Konklusjon/vedtak	Fellesrådet tar informasjonen til orientering.

SOKNERÅDSSAKER:

Sak nr. S-2022/06	GUDSTENESTEPLAN 2.HALVÅR 2022
Saksutgreiing	<p>Staben og arbeidsutvalet har utarbeida eit framlegg til gudstenesteplan for juli-desember 2022, sjå vedlegg 2022-09. Talet på gudstenester er om lag som tidlegare og totalt litt over biskopen si forordning om 50 årlege gudstenester i Masfjorden sokn. I planen er det lagt vekt på å finna rom for og prioritera trusopplæringstiltak og andre spesielle markeringar. Fleire av desse er eit etterslepp frå tidlegare år.</p> <p>Framlegget bygger vidare på tidlegare planar og vil i noko større grad leggja opp til fleire gudstenester på same dag, då dette har vist seg å fungera godt og vera ein god ressursbruk. Konsekvensen er nokre fleire søndagar utan gudsteneste. Langt på veg vil det vera tilbod om dåp i kvar av dei tre kyrkjene ein gong i månaden.</p> <p>Etter handsaming i soknerådet skal gudstenesteplanen sendast prosten for endeleg godkjenning.</p> <p>Framlegg til vedtak: Soknerådet stiller seg bak framlegget til gudstenesteplan for 2. halvår 2022.</p>
Konklusjon/vedtak	Godkjent slik framlegget ligg.

Sak nr. S-2022/07	PERSONAR TIL Å LAGE OFFERLISTE FORSLAG
Saksutgreiing	<p>Oppsett av offerliste har gått på rundgang mellom soknerådsmedlemene. Etter turnus er det denne gongen to soknerådsmedlemer frå Sandnes kyrkjekrins som skal få den store æra.</p> <p><u>Framlegg til vedtak</u> : Masfjorden sokneråd bed xxxxx og yyyyy om å setje opp offerliste for 2.halvår 2022, slik at denne kan leggjast fram for soknerådet for vedtak i neste planlagde soknerådsmøte.</p>
Konklusjon/vedtak	Masfjorden sokneråd bed Harald Mjanger og Arild Andvik om å setje opp offerliste for 2.halvår 2022, slik at denne kan leggjast fram for soknerådet for vedtak i neste planlagde soknerådsmøte.

Sak nr. S-2022/08	REPRESENTANTAR TIL RÅDSMØTE I FJON FJELLKYRKJE
Saksutgreiing	Det skal velgast to representantar til rådsmøte i Fjon Fjellkyrkje
Dette skjedde i møtet	Årets rådsmøte for Fjon blir 24.mai kl. 18:00
Konklusjon/vedtak	Rune Garmann og Maja A. Dahle vart valt og stiller for Masfjorden sokn.

Sak nr. S-2022/09	KONFIRMANTTIDSPUNKT I 2023
Saksutgreiing	<p>Med tanke på planlegging av konfirmantåret 2022-2023 er det viktig å avklara tidspunkt for konfirmasjon, då dette påverkar tidspunkt for leirar og andre samlingar. Datoar for konfirmasjonsgudstenestene er også etterspurt frå fleire foreldre.</p> <p>Soknerådet gjorde i møte 15.6.21 følgjande vedtak i sak nr. S-2021/15: <i>Som eit ledd i ynskje om å byggja opp ungdomsarbeidet, ser ein det som tenleg å flytta konfirmasjonane til hausten. Konfirmasjonsgudstenestene vil i 2022 vera etter sommaren, i tida før haustferien. Erfaringane med konfirmasjon om hausten skal så evaluerast før soknerådet tar vedtak på korleis det blir vidare frå 2023.</i></p> <p>Staben og arbeidsutvalet meiner det er for tidleg å evaluera ordninga no, og vil tilrå at ordninga med haustkonfirmasjon vert vidareført også i 2023. Rundt årsskiftet 2022/2023 kan ein gjera ei evaluering, og vurdera konfirmasjonstidspunktet frå 2024.</p> <p>Framlegg til vedtak: Ordninga med haustkonfirmasjon vert vidareført og gjeld også i 2023. Staben finn så snart så råd datoar for konfirmasjonsgudstenestene og kunngjer desse på nett.</p>
Dette skjedde i møtet	<p>Her er det fleire meiningar å ta omsyn til. Nokre evalueringar frå dei som i desse «korona åra» har hatt konfirmasjon på hausten vart lufta. Effekten på ungdomsarbeidet vidare etter haust konfirmasjon ser me nok ikkje godt nok før tidlegast ved dette årsskifte. Ein kom fram til at saka bør utsetjast til eit teams møte i slutten av april. Og ein ber staben å belyse ulike sider ved valet om vår eller haust konfirmasjon, og legge fram erfaringar så lang ein er ser det til no, på det møte.</p>
Konklusjon/vedtak	Saka vert utsatt til eit teams møte i slutten av april.

Sak nr. S-2022/10	SPØRSMÅL OM LAURDAGSKONFIRMASJON SOLHEIM 2023
Saksutgreiing	<p>Det er venta to konfirmantar på Solheim komande konfirmantår og familiane har sendt eit felles spørsmål om å ha laurdagskonfirmasjon i 2023.</p> <p>I 2022 er det sagt ja til tilsvarande ønske frå den eine konfirmantfamilien på Sandnes.</p> <p>Desse konfirmasjonsgudstenestene vil då vera kyrkjelyden si gudsteneste denne helga og det vil vera mogleg å ha dåp.</p> <p>Framlegg til vedtak: Soknerådet seier ja til spørsmålet om laurdagskonfirmasjon på Solheim i 2023.</p>
Konklusjon/vedtak	Godkjent slik framlegget ligg.

Sak nr. S-2022/11	OPPRETTING AV DIAKONIUTVAL
Saksutgreiing	<p>I møte den 26. januar gjorde soknerådet følgjande vedtak i sak S-2022/03 : «Soknerådet vedtek at det på neste soknerådsmøte vil utnemne eit medlem til eit eige diakoniutval, og bed arbeidsutvalet i samråd med diakoni- og undervisningsleiar om å utarbeide framlegg til mandat for ei slik gruppe.</p> <p>Soknerådet oppmodar også dei einskilde soknerådsmedlemene om å tenkje gjennom om dette kan vere ei oppgåve dei har lyst til å ta på seg.»</p> <p>Av ulike grunnar har ikkje arbeidsutvalet vore i stand til å fylgje opp dette vedtaket på tilfredsstillande måte. Utvalet vil difor be om ei utsetjing av saka, slik at ho vert teken opp att anten på siste møtet før sommaren, eller på fyrste møtet etter sommaren.</p> <p>Framlegg til vedtak: Soknerådet bed arbeidsutvalet om at det seinast på fyrste møtet etter sommarferien vert lagt fram eit framlegg til mandat for eit diakoniutval.</p>
Konklusjon/vedtak	Vedtatt slik framlegget ligg.

Sak nr. S-2022/12	OPPRETTING AV KULTURUTVAL
Saksutgreiing	<p>I møte den 26. januar gjorde soknerådet følgjande vedtak i sak S-2022/04 : «Soknerådet ber AU jobba vidare med saka og leggja den fram att på neste soknerådsmøte.»</p> <p>I saksutgreiinga var det gjort framlegg om at ei slik gruppe burde ha med ein representant for kvar kyrkjekrins. Det er naturleg å tenkje at vedkomande anten er medlem av soknerådet, eller av eit kyrkjeutval. Det er utarbeidd eit framlegg til mandat for kulturutvalet. Dette vert handsama som ei eiga sak.</p> <p>Framlegg til vedtak: Soknerådet vedtek å etablere eit eige underutval for kultur. Mandat for utvalet vert fastsett i eige vedtak. Utvalet består av fire personar, eitt medlem av sokneråd eller kyrkjeutval frå kvar kyrkjekrins, samt kyrkjelydsmusikar. Dei valde medlemene er valde for heile valperioden. For inneverande periode er desse dei valde medlemmer av kulturutvalet: Frøyset kyrkjekrins: Sandnes kyrkjekrins: Solheim kyrkjekrins:</p>
Dette skjedde i møtet	<p>Frå Frøyset meldte Rune Garmann seg. Frå Sandnes ynskjer ein Atle Nordland, han må spørjast sidan han ikkje var i møte. Og frå Solheim meldte Bente K. Håvåg seg. Her fekk kyrkjeverja ein e-post dagen etter om at dette er forandra til Asle Sletten i kyrkjeutvalet på Solheim.</p>
Konklusjon/vedtak	<p>Soknerådet vedtek å etablere eit eige underutval for kultur. Mandat for utvalet vert fastsett i eige vedtak. Utvalet består av fire personar, eitt medlem av sokneråd eller kyrkjeutval frå kvar kyrkjekrins, samt kyrkjelydsmusikar. Dei valde medlemene er valde for heile valperioden.</p>

	<p>For inneverande periode er desse dei valde medlemmer av kulturutvalet: Frøyset kyrkjekrins: Rune Garmann Sandnes kyrkjekrins: Atle Nordland Solheim kyrkjekrins: Asle Sletten</p>
--	---

Sak nr. S-2022/13	MANDAT FOR KULTURUTVALG
Saksutgreiing	<p>I møte den 26. januar gjorde soknerådet følgjande vedtak i sak S-2022/04 : «Soknerådet ber AU jobba vidare med saka og legga den fram att på neste soknerådsmøte.»</p> <p>Eit oppnemnd kulturutval må få ein plattform for arbeidet sitt gjennom at soknerådet utarbeider eit mandat for utvalet. Arbeidsutvalet har utarbeidd eit mandatframlegg, sjå vedlegg 2022-10.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> Soknerådet vedtek mandatet for kulturutvalet i tråd med framlegget frå arbeidsutvalet, og med endringar som vart fremma og vedtekne i møtet.</p>
Konklusjon/vedtak	Soknerådet vedtek mandatet for kulturutvalet i tråd med framlegget frå arbeidsutvalet.

Sak nr. S-2022/14	INFORMASJONSSAKER
Saksutgreiing	<ol style="list-style-type: none"> a) Peters påske i tekst og tonar på Sandnes 13.april b) Påskesongfest i Frøyset kyrkje 26.april. Her lurar staben på om soknerådet kan ordne med mat? c) Status fasteaksjonen 3.-5. april. Er det på plass nok folk til kjøring og ekstra innsamlarar på Sandnes? d) Status fredsgudstenesta i Solheim 8.mai e) Orgelkonsert 28/6 f) Rapport trusopplæringstiltak sidan sist.

Dette skjedde i møtet	<ol style="list-style-type: none"> a) Song og musikk v/ Ove I.B. Danielsen, Vibeke Bjørndal Midttun og Stine Karin Sæle og tekstformidling v/Torbjørn Sæle. Dette blir ein flott konsert, så oppmodar alle til å kome på den☺ Er kl. 19, og passar med ferje frå Duesund 18:45. b) Ope arrangement for alle, kl. 18:45-21:00 (passar med ferjene) Allsang med gode påskesangar, andakt, mat og ikkje minst prat om temaet «frivillig innsats i kyrkja». Me håpar prost Helge Taranrød tar turen. Flott om de blir med og tar med dykk familie, venner og naboar. Ragnvald og kyrkjeutvalet på Frøyset lovde å lage eit måltid mat☺ c) Bøssene og bevis og materiell blir levert ut til kvar konf. fredag 01.04. Fint om sjåførane passar på at dei har tatt det med seg når dei stiller til kjørerunde. Bente og Ragnvald sjekker med sine lag at alt er klart, og Harald M. fekk i oppdrag å sjekke at ein har nok folk
------------------------------	---

	<p>(er berre to konfirmantar der) og bilar til å dekke heile sørsida. Alle melder til Eli kva dag de skal gjennomføre aksjonen (søndag, måndag eller tysdag) og korleis ein skal få levert bøssene til kyrkjekontoret etter at de er ferdige.</p> <p>d) Det blir fredsgudsteneste 8.mai på Solheim. Men dei opphavlege planane om eit samarbeid og fokus på dei russiske fangane på Matre, er skrinlagt for dette året.</p> <p>e) Rune orienterte om orgelkonserten på det nye orgelet i Frøyset som er planlagt til 28/6. Meir info kjem når det nærmar seg.</p> <p>f) Sidan sist møte har det vore:</p> <ul style="list-style-type: none"> • konf.leir på Fjon i januar. • Utdeling av 4 års bok i alle kyrkjene 13.febr. • Lys våken med 18 deltakarar i Sandnes kyrkje • To ungdomstreff i Frøyset (febr,mars) • Eit møte i Tweens gruppa, to BU treff og eit møte i Pro planleggingsgruppa, alt på Haugsvær bedehus v/Helga E. <p>g) Ekstra saker orientert om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ynskjeleg med kyrkjekaffi på alle gudstenestene i påska • Me treng kyrkjevert på 2.påskedag på Sandnes • Biskopen har sendt brev om flyktning situasjonen frå Ukraina. Sjå vedlegg 2022-12
Konklusjon/vedtak	Soknerådet tar informasjonen til orientering, og tar ansvar for oppgåvene lovd under denne saka.

Referent kyrkjevevje Eli Eidsnes